



*Årsmelding  
Aust-Agder museum og arkiv  
2015*

*Framsidedfoto: Kuben ein litt kald morgon.  
Foto: Karl Ragnar Gjertsen*

# Årsmelding

Aust-Agder museum og arkiv

2015

## Innhald

Direktøren sitt føreord	5
2015 i stikkordsform	6
Organisasjon og leiing	7
Administrasjon og forvaltning	10
Forvaltning, forskning, formidling, fornying	17
Økonomi	29
Rekneskap og revisjon	30
Vedlegg: Årsmeldingar frå avdelingane	

# Føreord

2015 var det første driftsåret til Aust-Agder museum og arkiv IKS (AAma).

Det konsoliderte museet består av tidligere Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS, Setesdalsmuseet IKS og stiftelsen Grimstad bys museer. Frå 2015 er desse musea avdelingar i eininga Aust-Agder museum og arkiv - AAma. Nytt styre og nytt representantskap er på plass.

Konsolideringsprosessen har vore krevjande på fleire måtar. Tre museum med ulik organisasjonskultur og ulike tradisjonar og satsingsområde skulle smeltast saman til ei eining.

Konsolideringsprosesser har ført til utfordringar både økonomisk og praktisk det første driftsåret. Dei økonomiske føresetnadane for samanslåinga har delvis latt vente på seg.

Det står att ein betydeleg prosess med å få oversyn og status på bygningsmassen til dei tre tidlegare musea. Det er påbegynt ein dialog med eigarkommunane om driftsansvar. Når det gjeld bygningsmassen til Setesdal Eigedom IKS er det alt avtalefesta at AAma skal overtake driftsansvaret for denne.

Det er lagt ned betydeleg innsats i å etablere ei felles plattform for AAma. Det har vorte gjennomført felles personalsamlingar, og sett ned arbeidsgrupper for å finne fellesløyningar på det administrative, det sosiale, det faglege og det strategiske området av verksemda. Det er no på plass fellesløyningar på fleire område. Og vi er i gang med å take i bruk kompetanse frå dei ulike avdelingane på tvers av avdelingsgrenser.

Vi forventar at den nye konsoliderte eininga vil gjeve synergieffekt dei neste åra, særleg på det faglege området. Konsolideringsarbeidet vil verte vidareført i 2016.

Det er starta opp ein strategiprosess der ein finn frem til naturlege satsingsområde for den konsoliderte eininga AAma. Immateriell kulturarv, sjøfart, kystkultur samt dei verdskjende forfattarane Ibsen og Hamsun, peikar seg førebels ut som område der AAma ønskjer å kraftsamle ressursar.

AAma har vore aktive i det offentlege rom med ulike tiltak overfor publikum i året som gjekk. Formidling vil være eit betydeleg satsingsområde framover – ikkje minst overfor barn og unge.

Formidling, nettverksbygging og forskning vil vere sterke prioriteringar dei neste åra.

Elles kan nemnast at sjukefråværet var lågt i 2015. Det vart gjort tiltak på likestillingsområdet, mellom anna vart det føreteke justeringar av lønnsnivået for nokre kvinnelege tilsette som hadde vorte liggjande etter normal lønnsutvikling på sitt område. Arbeidsmiljøet generelt må sjåast som godt i AAma.

Arendal 16.2.2016

Jan Ledang

# 2015 i stikkordsform

Av interne organisatoriske oppgåver for AAma i 2015, vart desse måla nådd:

- Fått på plass et leiarteam for AAma
- Styrka økonomifunksjonen gjennom tilsetjing av økonomirådgjevar
- Gjennomført felles personalsamling
- Etablert ulike felles fagteam
- Etablert felles løysingar innan IT og kommunikasjon
- Andre fellesløysingar for dei tre konsoliderte musea er påbegynt, men ikkje ferdigstilt.

I avdelingane vil ein særleg peike på

## Kuben

Ferdigstilling av dei store utstillingane «Barndom», «Avtrykk», «Åpent magasin» og «Arne Vinje Gunnerud Skulptur». I tillegg ei mindre arkeologiutstilling; «Underveis».

AAma-Kuben har motteke store mengder arkivmateriale i 2015. Heile 680 hyllemeter med papirarkiv fordelt på 8 kommunar, samt fylkeskommunen vart avlevert i 2015. I tillegg vart det avlevert fleire elektroniske kommunale arkivuttrekk, samt om lag 30 papirarkiv frå private aktørar.

## Grimstad bys museer

Opna det nye Sjøfartsmuseet i Aust-Agder med to utstillingar - "...har hvide Seil os bragt" og "Sommer, sol og Sørland".

## Setesdalsmuseet

Overtaking og etablering av Sylvartun som eit senter for immateriell kulturarv med hovudfokus på folkemusikktradisjonane i Setesdal. Opning av utstilling med tema folkemusikk/-dans.

Fullføring og innreiing av laftehall.

Etablering av magasinfunksjon på loft laftehall, og bygging/innreiing av nytt tekstilmagasin i hovudbygg.

# Organisasjon og leiing

Aust-Agder museum og arkiv er eit konsolidert museum og arkiv sett saman av dei fire avdelingane Kuben (museum + arkiv) Grimstad bys museer og Setesdalsmuseet. Dessutan er to mindre museum - Elvarheim museum i Åmli og Eydehavn museet - knytta til organisasjonen. Det er også ein samarbeidsavtale med Birkenes bygdemuseum.

AAma er organisert som eit interkommunalt selskap med føremål å forvalte, drive og utvikle museums- og arkivfeltet i Aust-Agder. Dette er nærare definert i § 6 Formål i selskapsavtalen.

AAma er eigd av alle kommunane i Aust-Agder og Aust-Agder fylkeskommune.

Museet sin hovudadministrasjon held til på Kuben i Arendal.

## Representantskapet

Representantskapet er høgste myndigheit i Aust-Agder museum og arkiv, og handsamar normalt følgjande saker: Overordna mål og retningsliner for drifta, budsjett og økonomiplan, årsmelding og årsrekneskap, og andre saker som til behandling i samsvar med lov eller selskapsavtale.

Medlemer i representantskapet for perioden 2016-2020 skal veljast av eigarkommunane. Valet blei gjennomført i kommunane hausten 2015. Representantskapet har 16 medlemer.

Det er ikkje valt leiar og nestleiar i representantskapet for 2015

Representantskapet har hatt to møte. Det er behandla 13 saker. (Andre møte som skulle ha vore i desember, måtte utsettast til 6. januar, men vert rekna saman med 2015.)

## Styret

Styret behandlar normalt følgjande saker: Førebu og leggje fram dei sakene som skal behandlast i representantskapet, tilsetje dagleg leiar, drive selskapet i tråd med vedteke budsjett, og i tråd med føremålet til selskapet, selskapsavtalen og vedtak i representantskapet. Dessutan sikre trygg rekneskapsføring og forvaltning av formuen, og vedtake instruks for dagleg leiar.

I representantskapsmøte 9. september 2014 vart det valt nytt styre for Aust-Agder museum og arkiv IKS. Dei tilsette valde to representantar til styret i eige val 8. juni 2015. Desse gjekk inn i styrearbeidt frå og med påfølgjande styremøte 16. juni.

Styret for Aust-Agder museum og arkiv konstituerte seg 19. september 2014. Leiar er Per Norstrøm, og nestleiar er Vidar H. Homme.



Over:  
Arkivformidling har gitt mange avisoppslag i lokalpressen i 2015.  
Foto: Tore Knutsen

Til venstre:  
Store mengder kommunalt og privat arkivmateriale ble mottatt i 2015.  
Foto: Yngve Schulstad Kristensen

## Styret har denne samansetjinga

Styremedlem	Varamedlem
Per Norstrøm - styreleiar	Bent Sørensen
Vidar H. Homme - nestleiar	Inger Lise Grønsand
Kristin Lundby	Sølvi Haraldstad Christensen
Ragnhild Sigurdson	Helge Moen
Kirsten Bråten Berg	Grete Kristiansen
Svenn Roar Larsen	Odd Eldrup Olsen
Leonhard Jansen – tilsette sin representant	Therese Strupstad Hagen (1. vara for LJ)
Monika Kurszus Håland – tilsette sin representant	Per Harald Bai Stabell (1. vara for MKH)


Styret har hatt 6 møte og behandla 63 saker i 2015.

## Leiargruppa

Leiargruppa er satt saman av direktør, leiarane i arkivavdelinga, museums- og formidlingsavdelinga, Grimstad bys museer og Setesdalsmuseet.

Leiargruppa har ansvar for budsjett- og planarbeidet, rekneskap og rekneskapskontroll, definering og prioritering av arbeidsoppgåver, samarbeid og koordinering mellom avdelingane, utvikling, oppfølging, kontroll og evaluering av dei oppgåver og den verksemda som er lagt til institusjonen.

Kontorleiar/personalsjef er sekretær. Det vert i hovudsak halde leiarmøte annakvar veke.



Rygnestadtunet. Foto: Leonhard Jansen

# Administrasjon og forvaltning

## Administrativt arbeid

Følgjande system og rutinar har vi arbeidd med frå seint 2014:

- Nytt namn, selskapsavtale, representantskaps- og styremedlem og adresse til Brønnøysundregistrene. Dette kom på plass seint i desember.
- Felles personalrutinar (lønn, KLP/pensjon, forsikringar, kontakt med NAV med meir) er stort sett på plass.
- Felles arkivsystem. Her er det mykje att å gjere då vi ennå ikkje er på same dataplattform.
- Felles brevmal og –hovud. Det direktøren og Kuben sender ut går på A Ama sitt brevhovud, medan Setesdalsmuseet og Grimstad bys museer i stor grad sender ut på egne brevhovud og eigne malar.
- Felles rekneskapsystem. Dette er no stort sett på plass med gode rutinar. Eksterne leverandørar har fått informasjon om nytt namn (A Ama) og rutinar for faktura.
- Rett attestasjons- og tilvisingsmyndigheit er på plass.
- Felles reiserekningar er plass.

Postrutinar, informasjonsflyt har ikkje funne sin endelege løysing, men vi har gjennom året arbeidd med å få til gode rutinar.

Ei arbeidsgruppe har sett nærare på informasjonsflyt og kommunikasjon internt, og har levert ein tilråding på aktuelle løysingar.

Setesdalsmuseet har eigen administrasjon og forvaltning, og har med noko bistand frå staben på Kuben (post- og rekneskapsrutinar), løyst dei oppgåvene åleine.

Staben for A Ama har i stor grad teke over dei administrative rutinane for Grimstad bys museer (personal- og rekneskap mellom anna).

## Tilsette

Alt i siste halvår av 2014 starta førebuingane for å få til nødvendige og gode rutinar for det nye selskapet. Det gjekk likevel ei stund ut i 2015 før alle tilsette var lagde inn i eit felles lønssystem.

To tilsette i staben, kontorleder/personalsjef og arkivleder/regnskap, har i om lag 50 % av årsverka deira arbeidd med saker som er A Ama-relaterte.

I tillegg vart det hausten 2015 tilsett ein økonomirådgjevar. Frå då av har det vore tre felles tilsette for A Ama (direktør, økonomirådgjevar og ein konservator/etnolog).

Avdelingane var bemanna slik i 2015 (inkl. både faste tilsette, vikarar og mellombels tilsette):

Avdeling	Tilsette 31.12.2014		Tilsette 31.12.2015	
	Tal	Årsverk	Tal	Årsverk
Leiing	2	2	3	2,25
Stab Kuben/AAma	11	8,6	12	9,6
Museumsavdelinga	14	12,9	14	12,9
Arkivavdelinga	15	14,74	17	15,9
Grimstad bys museer	7	5,09	5	5
Setesdalsmuseet	12	9,33	11	8,67
<b>Totalt</b>	<b>61</b>	<b>52,66</b>	<b>62</b>	<b>54,32</b>

Ved overgangen til 2016 var det 62 tilsette i AAma. I sommarsesongen er det dessutan tilsett eit betydeleg antall museumsvertar.

Iveland og Vegusdal bygdemuseum har ei veneforening som deltek aktivt i dugnadsarbeid på museet.

## Samarbeidspartnarar

AAma samarbeider breitt med ei rekkje fagmiljø og institusjonar, og ser dette som viktig for utviklinga av AAma som eit museum for heile Aust-Agder.

Kuben samarbeider med UiA innan forskning, og deltek inn i Forskernettverk Agder som ein aktiv bidragsytar. Målet er også å stimulere til at studentar brukar samlingane meir.

Arkivavdelingen ved KUBEN deltek aktivt i det nasjonale kommunearkivinstitusjons miljøet (KAI-miljøet), samt bidrar i det nasjonale arkivsamarbeidet SAMDOK.

Museumsavdelinga ved Kuben samarbeider med Aust-og Vest-Agder fylkekommuner og Vest-Agder Museet om prosjektet «Agders uthavner i verdensklasse».

GBM sitt samarbeid med Norsk Genressurscenter (frukt, plantearvern) er vidareført.

AAma si avdeling Setesdalsmuseet er kontorstad for – og samarbeider med - Agder folkemusikkarkiv, rådgjevar Aust-Agder Bygningsvernssenter avd. Setesdal, og verneområdeforvaltar for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Setesdalsmuseet sin antikvariske bygningshandverkar har over ein lengre periode i 2015 vorte utleigd til Aust-Agder Bygningsvernssenter i samband med eit restaureringsprosjekt.

I samband med Arendalsuka i august, vart det innleidd eit samarbeid med Norges Museumsforbund ved leiar Liv Ramskjær, der målet er å også profilere museumsarbeidet i ein setting der svært mange personar med innflyting er til stades. Samarbeidet har halde fram også etterpå med planlegging for 2016.



Oppe: Hamsuns postkasse. Foto Therese Strupstad Hagen.  
Nede: Cruisegjester på besøk i årestoga på Bygland museum.

## Likestilling og mangfald

AAma la lønsoppgjret i år særleg vekt på å jamne ut skilnader mellom kjønn, eit oppgjer som mellom anna heldt seg innafør rammene.

AAma sitt styre består av fire menn og fire kvinner. Ved utgangen av 2015 hadde AAma 62 tilsette fordelt på 31 kvinner og 30 menn.

Organisasjonen er også inkluderande på den måten at det er tilsett personar med god spreiding i alder, stor fagleg breidde og dessutan med ulik kulturell bakgrunn.

Det har ikkje vorte vurdert som nødvendig å setje i gong tiltak for å endre på dette.

## Lov om diskriminering og tilgang

AAma har kring 75 antikvariske bygningar. I denne delen av bygningsmassen er det utilrådeleg å gjere fysiske inngrep. AAma legg vekt på at det i terrenget rundt musea er mogeleg å take seg fram også for personar med funksjonshemmingar.

I alle nyare bygningar er det installert heis, låge dørtersklar m.m. som gjer heile anlegget tilgjengeleg for alle.

Alle nye tiltak/planar vert vurderte ut frå prinsippet om universell utforming. Ledsagerbevis vert akseptert på alle avdelingane.

Nettsidene til GBM har universell utforming.

## Kompetanseheving

AAma har i dagleg verksemd og i planar fokus på kor viktig det er med målretta kompetanseheving. Dei tilsette har sitt daglege arbeid i eit «kulturlandskap» i omforming, og det er ein føresetnad at alle er fagleg oppdaterte om ein skal makte å kome fram til dei beste løysingane.

Nettverka er ein viktig arena der kompetansedeling gjev kompetanseheving. Setesdalsmuseet er tilknytta fem nasjonale museumsnettverk: byggnettverk, bergverksnettverk, lokalhistorisk nettverk og drakt- og tekstilnettverk.

Anna Stella Karlsdóttir er vald til leiar i det nyoppretta nettverket for immateriell kulturarv.

Grimstad deltek i litteraturnettverket, sjøfartsnettverket og nettverket for kulturlandskap. Anita Estensen har overtok i som leiar av det nasjonale nettverket for forfatter- og komponisthjem.

Dei tilsette har delteke på samlingar, kurs og konferansar for å halde seg oppdaterte og utvikle seg innafor dei ulike fag- og ansvarsområda. Det vert også avlagt besøk til andre museum for å oppdatere seg.

Tilsette i A Ama bidrar også til kunnskapsdeling gjennom å halde foredrag og kurs.

Tilsett ved arkivavdelinga Kuben, Kristoffer Vadum, disputerte hausten 2015 med doktoravhandlinga: «Bruk av kanonistisk litteratur i Nidarosprovinsen ca. 1250-1340».

Avdelingsleiar ved Grimstad bys museer, Anita Estensen, avla i juni 2015 master i leiing med vekt på kulturorganisasjonar ved Universitetet i Agder.

Ein museumstilsett ved Kuben har delteke i kurset «Å forske i og på museum». (15 studiepoeng)

## **Organisasjonsutvikling**

Eit overordna mål med konsolideringa er å styrke fagleg samarbeid og samhald innan det museums- og arkivfaglege arbeidet i Aust-Agder. I utgangspunktet har alle einingane planar som fangar opp det vesentlege av verksemda som t.d. strategiplanar, verksemdsplanar og handlingsplanar.

I dette første året som eit konsolidert museum og arkiv har det meste av kreftene vorte brukt til å byggje fundamentet for den nye organisasjonen, og avdelingane har i all hovudsak arbeidd etter dei gamle planane.

23.-24. september var alle tilsette innkalla til eit seminar på Byglandsfjord som det første steget i ein OU-prosess. Konkret ut av dette har det så langt kome eit framlegg til korleis vi kan betre kontakten mellom kvarandre gjennom etablering av eit intranett.

## **Arbeidsmiljø**

Eit godt arbeidsmiljø er viktig. Ikkje minst for dei tilsette sin trivsel, men også som ein føresetnad for at dei oppgåver ein vel å prioritere vert gjennomførte på ein god måte.

Avdelingane har faste personal- og planleggingsmøte der alle tilsette er til stades. Det vert gjennomført årlege medarbeidarsamtalar. A Ama har eit dynamisk og godt arbeidsmiljø.

Kuben og Setesdalsmuseet har eige arbeidsmiljøutval (AMU), medan Grimstad bys museer har søkt denne tenesta gjennom kommunen. AMU har vore aktive internt i eigne avdelingar, og handsama interne saker. Det har ikkje vore felles saker til handsaming i A Ama.

Kuben og Setesdalsmuseet har eige verneombod, medan Grimstad nyttar vernetenester frå Grimstad kommune. Og når det gjeld HMS har både Setesdalsmuseet og Kuben avtalar om



*På turne med Den kulturelle skolesekken. Tradisjonsmat frå Setesdal står på menyen.  
Foto: Johanne Fiane Hortemo.*

bedriftshelseteneste, medan Grimstad bys museer nyttar bedriftshelsetenesta til Grimstad kommune.

AAma er ei IA- bedrift .

Sjukefråværet ved Setesdalsmuseet i 2015 er på 1.88%.

Sjukefråværet ved Kuben i 2015 er ca. 2%.

## Forurensing

Verksemda ved AAma forurenar ikkje det ytre miljø. Kuben er i ferd med å bli Miljøfyrtårn-sertifisert, og tilfredstillar difor alle krav i høve forurensing.

## Brann og tjuveri

Det har ikkje vore tilløp til brann på nokon av AAma sine anlegg i 2015.

Det har vore tre tilfelle av innbrot i nybygget på Kuben, der det vart stole to berbare PC-ar og to mobiltelefonar med tilbehør. Alt blei meldt til politiet.



*Ivrige gjester på besøk i Grimstad. Foto: Therese Strupstad Hagen*

# Forvaltning, forskning, formidling, fornying

## - arbeidet i avdelingane 2015

I denne delen vert det gjeve ei kortfatta men forhåpentlegvis dekkande referat frå arbeidet i 2015.

### FORVALTNING

*Samlingane ved musea skal tryggjast og takast best mogeleg vare på for ettertida og gjerast tilgjengelege gjennom god sikring og bevaring, dokumentasjon, prioritering og koordinering.*

#### Arkiv

AAma-Kuben har motteke 680 hyllemeter med papirarkiv frå 8 kommunar samt fylkeskommunen vart avlevert i 2015. Arkiva vart registrerte i arkivsystemet Asta og publisert på den nasjonale arkivsida arkivportalen.no. Det vart vidare motteke fleire elektroniske arkivdeponeringar frå Arendal kommune, Tvedestrand kommune og Aust-Agder fylkeskommune.

Det vart i 2015 oppretta ein eigen inntakskomiteé for privatarkiv. Komiteen vurderer hendingar knytta til avlevering av privatarkiv. Komiteen vedtok å take inn 30 privatarkiv. Dette utgjorde til saman 140 hyllemeter.

Det vart i 2015 ordna og registrert 11 privatarkiv, vidare vart 13 arkivkatalogar som tidlegare berre var tilgjengeleg i papirformat, registrert og publisert på arkivportalen.no.

Det vart i 2015 inngått ein avtale mellom KUBEN og Aust-Agder fylkeskommune om å ordne arkiva etter dei vidaregåande skulane i fylket. Ordningsprosjektet vart starta opp i mai 2015.

I januar 2015 starta prosjektet «Bevaring- og innsamlingsplan for privatarkiv frå Aust-Agder». Prosjektet har vore eit nasjonalt pilotprosjekt for privatarkiv med støtte frå Riksarkivet. Prosjektgruppa la fram utkast til rapport i desember 2015.

Setesdalsmuseet har motteke ei mindre samling bøker etter Birgit K. Rike.

Lesesalen på Kuben har hatt 868 besøkande, ein auke på 23%

### Digitalisering

På Kuben er det digitalisert 16 møtebøker frå formannskapa i Mykland Froland kommunar 1670 foto er digitaliserte på førespurnad.

691 bilete er digitalisert på Setesdalsmuseet.

## Magasin

Kuben tok i bruk nye magasin i 2014, og arbeidet med utpakking og plassering av gjenstandar i magasin heldt fram i 2015. Det er utvikla eit system for rask listeføring av gjenstandar med plasseringskodar. Føremålet har vore å oppnå rask attfinning ved behov. I løpet av året er 26.000 gjenstandar listeført med kodar, noko som utgjør ca. 60% av gjenstandane på Kuben.

Tilgjengeleggjing av samlingane vert gjort fortløpande i samband med publisering på DigitaltMuseum.

Magasina på Kuben er klargjorde for fylkesmagasinfunksjon.

Magasin- og samlingsforvaltningsbehovet i Grimstad vart utgreidd i ein delrapport. Samlinga i Grimstad treng ei heilskapleg forvaltning og eigna magasin då samlinga er i ferd med å verte øydelagt.

På Setesdalsmuseet er den prekære situasjonen frå tidlegare løyst gjennom innreiing av eit kaldt lager/magasin over laftehallen. Gjenstandane som fylte inntaket er flytta over, og eit nytt tekstilmagasin står ferdigmontert og klart til å takast i bruk.

Det har også i år vorte utført ryddearbeid i bomberommet Setesdalsmuseet leiger på Evje, slik at det no er oversiktleg. Framleis står det att gjenstandar i løer, uthus m.m. på museumstuna.

Framleis står ei rekkje gjenstandar utilfredsstillande lagra i løer

## Samlingsforvaltning – registrering

Alle dei tre musuemusavdelingane nyttar Primus til registrering av gjenstandar, men berre Kuben legg gjenstandssamlinga forløpande ut på DigitaltMuseum.

Kuben registrerer også foto i Primus, medan Setesdalsmuseet der bruker FotoStation.

Setesdalsmuseet publiserer foto på Digitale Bilder Agder, og leverer foto til bruk i bøker og publikasjonar på førespurnad. Eit spesielt oppdrag i 2015 var levering av historisk foto til ein 2,5 x 5 meter stor vekk på bensinstasjonen i Bykle.

Setesdalsmuseet har det meste av 2015 vore utan magasinforvaltar. Hovudarbeidet som er gjort på dette feltet er difor å flytte gjenstandar over til nytt lager i laftehallen. Det har ikkje vorte prioritert å registrere inntak, så gjenstandsmassen er uendra frå i fjor. Det er ein tilvekst på 22 mineralar.



Over: Frå utstillingane på Sylvartun der folkemusikk og -dans har fått ein ny arena for sine aktivitetar.  
Under: Kulturpatrulja er eit triveleg innslag på sommaren. Båe foto Leonhard Jansen.

Setesdalsmuseet forvaltar pr. 31.12. 2015 til saman 33.758 kulturhistoriske gjenstandar fordelt på 10 samlingar. Av dette er 17891 gjenstandar registrert i Primus.

Dessutan 7.731 mineralar. Tilvekst i 2015 er 22 mineralar.

På Evjemoen forsvarsmuseum er det stilt ut ein god del gjenstandar som er lånte frå Forsvarsmuseet i Oslo, m. a. våpen. Som del av sikringsarbeidet var det i juni ein gjennomgang av utstillingane og sikring saman med tilsette frå Forsvarsmuseet.

Stillinga som gjenstandskonservator ved Kuben, som skulle vore tilsett i 2015, er utsett på grunn av den økonomiske situasjonen.

Kuben har ein tilvekst på 240 gjenstandar, antall registrerte gjenstandar er 429 og det er gjort 362 nyregistreringar i Primus.

Ved utgangen av 2015 var i alt 6.712 objekt frå samlingane publiserte på DigitaltMuseum, nærmare 900 fleire enn ved førre årsskifte.

## **Bygningsvern**

Generelt er bygningsmassen som høyrer under A Ama godt sikra. For ein del antikvariske bygningar er det ei avvegning om det skal leggjast inn straum eller ikkje. Alle bygningar utan elektrisitet er utan alarmer. På den andre sida vurderer ein då brannrisikoen som mykje lågare.

Setesdalsmuseet har utarbeidd eigen sikringsplan for alle museumsanlegga i regionen, og nødvendig sikringsarbeid er gjennomført på alle anlegg. Der forholda tillet det, er det no direkte varsling til brannvesen når alarmen går, og det er montert nøkkelsafe.

Også Grimstad har god sikring av bygningsmassen. Også det nye sjøfartsmuseet er innlemt i sikringsplanen.

For Kuben er arbeidet med sikringsplan sett i gang.

Totalt høyrer det ca. 75 antikvariske bygningar til A Ama. 68 av desse er i Setesdal. Det er sett av ressursar på budsjettet til naudsynt vedlikehald og ad hoc-løysingar. I høve til avtaleverket er eigarane av bygningsmassen i Setesdal sjølv ansvarlege for finansiering av større restaureringsprosjekt.

Museet har utført kontinuerlig tilsyn, førebyggjande konservering og mindre vedlikehaldsoppgåver på dei museale bygningane. I tillegg har vi gjeve råd og rettleiing til enkeltpersonar og kommunar med tanke på restaurering og vedlikehald av freda og verneverdige bygningar. Antikvarisk bygningshandverkar delteke aktivt i eit samarbeid med Aust-Agder bygningsvernssenter med restaurering av husmannsplassen Slengen på Rygnestad.

## FORSKING

*Forskning og kunnskapsutvikling gjev nødvendig fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Det er viktig å søke samarbeid om forskning i nettverk, mellom institusjonar og med forskningsmiljø innan kunnskapssektoren.*

Forskning i eigentleg forstand er det så langt berre Kuben som har hatt ressursar til å prioritere. Arbeidet med ny forskingsplan som skal gjelde heile AAma vart påbegynt hausten 2015. Målet er å leggje til rette for at også dei andre avdelingane kan involverast i dette viktige arbeidet.

Så langt er det det opplegget som har vore på Kuben som er utgangspunkt for «samla plan». I den heiter det m.a.:

På Kuben skal det forskast i museums- og arkivfaglege spursmål (museologi og arkivistikk) for å auke Kuben sin kompetanse og kunnskap om samlingane.

Det er utvikla prosjektbeskrivingar til 4 mindre forskingsprosjekt som tek føre seg historia til institusjonen i det første hundreåret etter 1832.

Det er lagt vekt på å styrke den museologiske forskingskompetansen ved AAma-Kuben.

Det skal forskast i kulturhistoriske tema for at Kuben betre kan formidle kultur og historie i Aust-Agder, og for at institusjonen betre kan fylle rolla som aktiv og konstruktiv samfunnsinstitusjon.

Forskingsleiar har saman med andre tilsette med forskingskompetanse sete i rådet for Forskernettverk Agder, og vore ein aktiv bidragsytar til Forskernettverk Agder. Stipendordninga ved AAma-Kuben vart lyst ut for tredje gang i 2015. To søkjarar vart innstilte til stipend.

Det er eit mål at forskinga ved Kuben-AAma skal formidlast i fagfelleverderte publikasjonar. Berre ein artikkel skriva av tilsette ved Kuben-AAma vart fagfelleverdert i 2015. Som del av et samarbeid med HIFO (Den norske historiske foreining) Agder er det skriva 6 historiske kronikkar i Agderposten.

Eit pågåande bokprosjekt var meir eller mindre ferdigstilt ved utgangen av 2015.

Grimstad bys museer vart i 2015 deltakar i dokumentasjons- og forskingsprosjektet «Museum som minnepolitiske institusjonar» som vart sett i gang i oktober. Det nasjonale litteraturnettverket fikk tildelt 650.000 kr i tilskot frå Norsk kulturråd over ein tre års periode fram til 2018. Bidraget vårt har arbeidstittelen «Hamsunåret 2009». Det skal munne ut i ein artikkel som skal publiserast digitalt.



*Over: Eplesamlinga på Hagebruksmuseet.*

*Under: Ibsenhuset. Båe foto: Therese Strupstad Hagen*

Setesdalsmuseet har:

- dei siste åra hatt eit nært samarbeid med Norsk institutt for bunad- og folke-  
drakt om dokumentasjon av drakt i regionen. Arbeidet har halde fram også i  
2014.
- ei medviten rolle i formidling av handlingsboren kunnskap innan for verke-  
krinsen.
- Hatt fagfelle vurdering av to artiklar
- Vore ein aktør i arbeidet med å leggje Bykle gards og ættesoge på nett på Lokal-  
historiewiki. I samarbeid med Lokalhistorisk institutt.
- Har stadig bok- og artikkelprosjekt på gang

## FORMIDLING

*AAma skal nå publikum med kunnskap og oppleving og vere tilgjengeleg for alle. Det inneber målretta tilrettelegging for ulike grupper, og aktuell formidling som fremjar kritisk refleksjon og skapande innsikt.*

Kunnskapen som ligg latent i AAma sine samlingar skal i større grad formidlast ved hjelp av lettare tilgang til samlingane, bruk av moderne hjelpemiddel og større rotasjon på utstillingane.

Alle utstillingane har eigne formidlingsopplegg for ulike målgrupper. Ofte vil det vere viktig at dei som har planlagt ei utstilling også kan få høve til å bruke kunnskapen sin i formidling for spesielle grupper. Kunnskap og engasjement er sjølve nøkkelen til god formidling.

Eit museum er også ein samfunnsaktør. På ei side dokumenterer og formidlar vi det som har vore, på den andre sida er vi også ein samfunnsaktør som er med på å leggje premissa for kulturforvaltninga. Vi er også ein leverandør av aktivitetar og opplevingar i lokalmiljøet og for dei som besøker oss. For å gjere oss betre, er det naturleg for AAma å samarbeide med andre som er opptekne av kulturminnevern; lokalt, regionalt og nasjonalt.

Formidlinga skal også rette seg mot nye brukargrupper, ivareta universelle krav og mangfaldet i samfunnet

Alle avdelingane får jamleg førespurnadar om råd og rettleiing i museumsfaglege spørsmål, byggjesaker, mineralar, drakt, historiske hendingar, frå utvandra amerikanarar m.m. Så langt råd er prøver ein å gjeve den hjelpa som vert etterspurt.

## Besøktal

	Kuben		Grimstad bys muse- er		Setesdalsmuseet	
	Vaksne	Born	Vaksne	Born	Vaksne	Born
<b>Grupper</b>	2275	371	1671		2545	242
<b>Arangement</b>	2993	1369	1923	1294	1966	620
<b>Einskildbillett- tar</b>	6185	2120	6082	1422	9248	2637
<b>Skular/ barneh.</b>	496	2627	158	3457	151	791
	<b>11949</b>	<b>6487</b>	<b>9834</b>	<b>6173</b>	<b>13910</b>	<b>4290</b>
	<b>18436</b>		<b>16007</b>		<b>18200</b>	
	<b>52643</b>					

I tillegg til desse tala kjem besøk i samband med stands på messer m.m.

Nokre avdelingar er ikkje bemanna, nokre har gratis inngang. Til Hovden jernvinnemuseum kan du få utlevert nøkkel. Tala for Setesdalsmuseet baserer seg på sal av billettar, oppteljingar og anslag. Dei gjev ein auke på godt 15%. Det meste av dette skuldast engasjement i større prosjekt som Kulturpatrulja, Nordisk strikkesymposium, Kulturminnedag Hovden m.m.

Setesdalsmuseet arrangerte 9 besøksdagar med Cruise gjester på Bygland.

Det har vært stor interesse frå ulike grupper for å besøke Kuben i 2015. Vi har tilbode gruppeomvisingar i utstillingar, magasin og nybygg. Samt halde orienteringar om verksemda i Kuben, og tilbode bevertning m.m. Vi har teke imot 105 grupper på til saman ca. 2500 personer. Vi har hatt besøk frå cruiseskip 4 gonger, og vi har i alt hatt 24 ulike, opne arrangement. Tilsette på Kuben har halde ei rekkje foredrag, og vi har også teke imot ei rekkje besøk frå kollegainstitusjonar.

Grimstad bys museer er berre sommaropne. I 2015 var to av musea opne for publikum i sommarsesongen; Norsk Hagebruksmuseum og Sjøfartsmuseet i Aust-Agder. Ibsen-museet var stengt på grunn av restaureringsarbeid.

## Utstillingar

I Grimstad vart det jobba med fleire utstillingar, og to nye utstillingar vart ferdigstilte på sjøfartsmuseet: «...har hvide Seil os bragt» og "Sommer, sol og Sørland".

I tillegg vart det arbeidd med forprosjektet til ei tredje utstilling på sjøfartsmuseet.

Ibsen-museet var stengt for restaurering på sommaren, og det vart difor laga ei midlertidig ibsenutstilling i dei tidligare lokalane til Posten i Storgaten. Denne utstillinga vart kombinert med ein guida tur i sentrum der Ibsens tid i Grimstad og restaureringen på Ibsenhuset var ein del av turen.

I mars vart utstillinga «Min og nasjonens identitet» opna. Den stod berre ei helg, men hadde stor oppslutning blant publikum

Kuben opna i 2015 fire nye utstillingar.

- Barndom
- Underveis – arkeologiutstillinga
- Avtrykk
- Ope magasin
- Arne Vinje Gunnerud - skulptur

Dessutan mindre monterutstillingar

Utstillingane, er designa og produsert av tilsette på Kuben. Det har vorte gjort eit stort og omfattande arbeid når det gjeld utstillingar og det har involvert mange tilsette i både avdelingane samt stab. Prioriteringa av kvalitet har vært viktig. Utstillingane er godt besøkte

Setesdalsmuseet si store satsing i 2015, var revitalisering av Sylvartun som eit senter for immateriell kulturarv, og med nye utstillingar med fokus på folkemusikkarven. Denne vart utarbeidd i samarbeid med folkemusikkmiljøet i dalen. Til opninga fekk Setesdalsmuseet som gåve frå Valle sparebank Olav Bjørgum sitt storslagne gangarbilete på ca. 2 x 4 m.

I Iveland vart det bygt opp ei geologiutstilling i det nye sentrumsbygget Åkle, der Setesdalsmuseet stod for det faglege innhaldet.

Andre utstillingar er ei sommarutstilling med kunst av Kristin Brokke, utstillinga Tamrein og samar som vart sett opp på Hovden i september-oktober som del av kulturminnedagen, og måleriutstilling med arbeid av Olaf Isaachsen. Dessutan mindre monterutstillingar.

## **Pedagogisk verksemd**

Born og ungdom skal ha stor plass i formidlingsarbeidet.

Formidlinga vert også knytta til foredrag, kulturkveldar, bloggar, sundagsarrangement, familiedagar o.l.

Kuben sin katalog med tilbod til skular og barnehagar for skuleåret 2015-2016 er den første fullstendige tilbodskatalogen etter at vi flytta tilbake til Kuben. Katalogen er på 36 sider, er gjennomillustrert, og alle tilbod er forankra i kompetansemåla til skulen.

Kuben har tilbod til barnehagar, SFO, småskulen, mellomsteget, ungdomsskulen, vidaregåande skular og vaksenopplæringa.

Det er utarbeidd ein tilsvarande katalog, som for skuleåret 2015-16 er på 15 sider, med det tilbodet Setesdalsmuseet gjev i hovudsak same målgruppa.

Avdelingane har ulike tilbod til skulane i regionen. Både på Kuben og på Sjøfartsmuseet i Grimstad var det stor interesse for dei nye utstillingane frå skulane. På Kuben gjekk undervisningsopplegget «Med tidsmaskin til barndommen» som eit tilbod både i Gavepakka og Ønskelista til Den Kulturelle Skolesekken med god deltaking.

Opplegg i samband med Den kulturelle skulesekken (DKS) går også ut over eigen region. Setesdalsmuseet har i tillegg til lokale tilbod vore på turne med «Slått, stev og gangar» og «Mattradisjonar i Setesdal». Både i regi av DKS.

Grimstad bys museer gjennomførte opplegget “ Apis, apiarus, apiarum! - om samspill mellom bier, blomster og mennesker» i DKS, for 7. trinnet i skulane i Grimstad i mai og juni.

I januar 2015 deltok formidlingsansvarleg i Grimstad på kurset «Touch me» i regi av Norges Museumsforbund og Norges Blindeforbund. Det var eit kurs i sanseleg museumsformidling. Museumspedagog Setesdalsmuseet var på kurs i museumspedagogikk ved Jamtli Museum i Östersund, Sverige.

Dessutan har det vore museumspedagogisk fagdag på KUBEN, Seminaret: Flatbrød og sirkus arrangert av kulturrådet i Oslo, og andre mindre og store møter med pedagogisk tilsette i AAma.

## Arrangement

AAma har også ei aktiv haldning til arrangement for heile familien. Alle avdelingane har hatt ei rekkje slike arrangement i 2015; nokre med veldig mykje arbeid nedlagt, andre der samarbeidspartnaren kanskje har gjort det grunnleggjande.

Alle avdelingane var representerte på stand under Arendalsveka. Setesdalsmuseet deltok i tillegg på «Tall Ship Races» i Kristiansand saman med Visit Setesdal, og på landbruksmessa Naturligvis på Evje.

Eit anna kjempearrangement var Nordisk Strikkesymposium der 170 strikkeglade kvinner bokstavig talt overtok arenaen i ei heil veke. setesdalsmuseet hadde også eit utvida samarbeid med Bykle kommune under Kulturminnedagen, som strekte seg over to heile veker med foredrag, utstillingar, turar m.m. med tema tamrein og samisk innslag i Setesdal.

I Grimstad vart det gjennomført fire store arrangement; to på våren og to på hausten. Dette var Vårmarked (hagebruksmuseet), Kast Loss (sjøfartsmuseet), Høstmarked og Epledag (både hagebruksmuseet). Dette er arrangement som er spesielt populære blant lokalbefolkninga.

På Kuben har det vore store arrangement i forbindelse med opningar av dei nye utstillingane, og i tillegg ei rekkje store familiearrangement. Det har også vore arrangement saman med andre: 8. mars vart det arrangert slektsforskardag saman med DIS Aust-Agder. I tillegg vart det arrangert ein «Gourmetaften med historisk sus» i samarbeid med Sam Eyde videregående skole. Arrangementet vart halde på skulen, og tok utgangspunkt i Oselias kokebok.



*Osellas kokebok sine oppskrifter må testast ut før dei vert lagt ut på bloggen. Foto: Karl Ragnar Gjertsen.  
Eit nytt og populært tilbod på Kuben er "Åpent magasin". Foto: Gerd Corrigan*

## **FORNYING**

*Gjennom faglig utvikling, forskning, nytenking og profesjonalisering, skal A Ama vere oppdatert og aktuell i alle delar av verksemda. og ha ein aktiv samfunnsrolle.*

A Ama skal ha moderne og hensiktsmessig utstyr og hjelpemidler for å løse sine oppgaver innenfor bevaring, tilgjengeliggjøring og formidling.

A Ama har i dagleg verksemd og i planar fokus på kor viktig det er med målretta kompetanseheving. Dei tilsette har sitt daglege arbeid i eit «kulturlandskap» i omforming, og det er ein føresetnad at alle er fagleg oppdaterte om ein skal make å kome fram til dei beste løysingane.

Nytilsetjingar, etterutdanning, kursing og kompetanseoverføring når medarbeidarar slutter er sentrale verkemiddel for å utvikle og behalde dyktige medarbeidarar og å utvikle Kuben som ein attraktiv arbeidsplass.

Nye utstillingar har som kjenneteikn kvalitet, og bruk av moderne teknikk og hjelpemiddel. Dei står fram som gjennomarbeidde, moderne og i pakt med tida.

Nettverka er ein viktig arena der kompetansedeling gjev kompetanseheving.

Dei tilsette har delteke på samlingar, kurs og konferansar for å halde seg oppdaterte og utvikle seg innafor dei ulike fag- og ansvarsområda. I slike høve er ein også på besøk på museum i nærleiken for å oppdatere seg på kva som skjer andre stader

Arkivavdelinga har vore ein pådrivar i forhold til Riksarkivet og Stiftelsen Asta med omsyn til vidareutvikling av ASTA og arkivportalen.no.

Kompetansen til personalets skal oppdaterast fortløpande gjennom nytilsetjing, etterutdanning og kursing.

Setesdalsmuseet og GBM har i mange år vore deltakar i Arenaprojektet USUS, og avdelingsleiar GBM sit i leiinga av projektet. Særlig to tema vart jobba med i fjor. Det eine var CRM i forbindelse med publikumsutvikling, og VRI Mat der matbedriftene deltok.

Grimstad bys museer er også invitert inn i eit utviklings- og reiselivsprojekt rundt litterær turisme på Sørlandet. Det er eit samarbeidsprojekt mellom Stiftelsen Ibsen Hamsun Grimstad og Europakontoret på Sørlandet.

Kuben har no magasin for bevaring av gjenstandar på Kuben gjev optimale forhold for ulike slag gjenstandsmateriale for framtida. Grimstad og Setesdalsmuseet har ikkje nok magasin-kapasitet.

DigitaltMuseum er eit satsingsområde og gjev auka tilgjenge til samlingane. Ein merker ein stadig aukande respons i tilknytning til samlingane via DigitaltMuseum. Setesdalsmuseet og Grimstad bys museer er ikkje i DigitaltMuseum.

Grimstad bys museer har heimeside frå 2013, og Kuben har fått laga nye heimesider samstundes med byggje- og flytjeprosessen. Setesdalsmuseet sette i gong arbeidet med ny heimeside hausten 2015. A Ama er også på andre sosiale medier som twitter, instagram, wikipedia, flickr og tumblr.

Den kulturhistoriske matbloggen "Oselias kokebok" har også vore ein ny og spennande måte å presentere smakebitar frå arkiv- og gjenstandssamlingane på.

Den nasjonale arkivkonferansen for interkommunale depotordningar, KAI-konferansen, vart arrangert på Kuben 15. til 17. september med 112 deltakarar.

Arkivavdelinga sitt prosjektet E-arkiv frå idrettskrets til arkivdepot vart sett i gang i samarbeid med Aust-Agder Idrettskrets. Prosjektet har vorte støtta med midlar frå Riksarkivet.

Arkivavdelinga tok i november 2015 initiativ til å få på plass ein samhandlingsplan for privatarxiv for institusjonar som har arkivmateriale frå Aust-Agder.

Setesdalsmuseet har delteke i Lokalhistorisk Institutt sitt prosjekt med å leggje «Heimar og folk i Bykle» digitalt ut på Lokalhistoriewiki. Heile bygdeboka er no søkbar på nett.

I juni vart det arrangert kulturminnedag saman med fylkeskommunen og Aust-Agder Bygningvernssenter.

## Økonomi

Frå og med 01.01.2015 vart Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS, Setesdalsmuseet IKS og Grimstad bys museer slått saman til eitt selskap, Aust-Agder museum og arkiv IKS.

I samband med fusjonsprosessen vart det forventa ein vesentleg auke av det statlege tilskottet til museet. Dette har departementet ikkje følgt opp, noko som har ført til betydelege utfordringar i forhold til den planlagde aktiviteten, og forventingar frå eigarsida.

I slutten av 2014 vart det nye museumsbygget og arkivbygget «Kuben» teke i bruk. Det har vore kostnadskrevjande å fylle bygget med utstillingar. Denne ekstrakostnaden har vi sett oss nøydde til å lånefinansierer for å tilfredsstille forventningane til publikum. Det er gjort vedtak i representantskapet om å kunne take opp lån til utstillingsproduksjon.

Vidare er det gjennomført fleire interne tiltak for å betre økonomien både på inntekts- og kostnadssida.

## Rekneskap og revisjon

Viser til årsrekneskap for AAma som vert lagt fram som eiga sak, med kommentarar til rekneskap og revisjon, og opplysningar om rekneskapsmessig mindreforbruk i 2015.

Rekneskapsførar har fram til 1. oktober vore Aust-Agder fylkeskommune/fylkeskassa. Siste delen av året er regnskapet ført av selskapet sjølv.

Revisjon vert utført av Aust-Agder fylkesrevisjon.

Arendal 18.2.2016



Per Norstrøm  
Styreleiar



Vidar H. Homme  
nestleiar



Kristin Lundby



Ragnhild Sigurdson



Kirsten Bråten Berg



Sven Roar Larsen



Leonhard Jansen



Monika Kurszus Håland



Jan Ledang  
direktør